
Saksnr: 2024/2165-11
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Finansutvalet		25.11.2024
Fylkesutvalet		25.11.2024
Fylkestinget		11.12.2024

Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 - arbeidsdokument 4/24

Forslag til innstilling

- Dokumentet «Budsjett 2025 / økonomiplan 2025-28» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2025-28.
- Driftsbudsjettet for 2025 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Generelle driftsinntekter	
Rammetilskot	8 105 269
Inntekts- og formuesskatt	5 358 149
Andre generelle driftsinntekter	145 300
Konsesjonskraft	266 000
Sum generelle driftsinntekter	13 874 718
Netto driftsbudsjett avdelingane	
Fellesutgifter	21 746
Politisk styring og kontrollorgan	73 316
Organisasjon og økonomi	195 243
Eigedom og utbygging	612 860
IKT og digitalisering	206 042
Tannhelse	422 839
Kultur og folkehelse	391 818
Infrastruktur og veg	1 896 197
Mobilitet og kollektivtransport	3 872 617
Næring, plan og innovasjon	211 769
Opplæring og kompetanse	4 199 864
Lønsavsetjing, premieavvik	-16 100
Sum netto driftsutgifter	12 088 212

Renteinntekter	215 200
Renteutgifter	733 000
Avdrag på lån	900 000
Netto finansinnt./utg.	1 417 800
Overføring til investering	600 000
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond	
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	-231 294
Dekking av tidlegare års meirforbruk	
Sum disponeringar	368 706

3. Investeringsbudsjettet for 2025 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Investeringar pr sektor	
Bygg og eigedom	1 087 200
Mobilitet og kollektiv	170 000
Fylkesveg	3 377 410
Sum investeringar varige driftsmiddel	4 634 610
Finansiering:	
Kompensasjon mva	708 298
Tilskot frå andre	825 820
Sal av varige driftsmiddel	16 000
Bruk av lån	2 476 097
Sum investeringsinntekter	4 026 215
Overføring frå drift	600 000
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	8 395
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
Sum overføring frå drift og netto avsetjing	608 395
Framført til inndekking seinare år	0

- Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 476,1 mill. kr.
- Takstane for kollektivtrafikken vert auka med gjennomsnittleg 4,0 %. Takstane for ferje følgjer riksregulativet.
- Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
- Fylkestinget godkjenner budsjetttrammene for økonomiplanen for 2025-28. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2026-2029.

Samandrag

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen, og utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Det vert lagt fram eit samla budsjettdokument som vedlegg til arbeidsdokument 4/24.

Arbeidsdokument 4/24 byggjer på tidlegare framlagde arbeidsdokument i finansutvalet gjennom året med tilhøyrande prosessvedtak.

I tillegg til det som er presentert i tidlegare arbeidsdokument, er budsjettdokumentet i dette arbeidsdokumentet supplert med innleiing, budsjettreglement og finansielle måltal.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
direktør
Organisasjon og økonomi (ORO)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

1. [Lenke til arbeidsdokument 4](#)
2. [Stad for PDF-versjon og alle andre dokument](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det fjerde arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2024 presenterer fylkesdirektøren forslag til Budsjett 2025 – økonomiplan 2025- 2028 i eige vedlegg til denne saka.

Finansutvalet handsama i møte 22. oktober arbeidsdokument 3/24. Fylkesdirektøren foreslår i det vedlagde budsjettokumentet nokre endringar samanlikna med det som vart presentert i møte i finansutvalet i oktober.

Dette gjeld verknader av regjeringa sitt forslag i tilleggsproposisjon til statsbudsjettet for 2025. Dei frie inntektene vart auka med 82 mill. kr i forslaget til tilleggsproposisjon. Fylkesdirektøren foreslår i arbeidsdokument 4/24 å styrke budsjettamma for mobilitet og kollektiv med 80 mill. kr. Dette gjer at fleire av innsparringstiltaka som var foreslått i arbeidsdokument 3/24 vert reversert.

Fylkesdirektøren legg fram eit saldert forslag til budsjett i arbeidsdokument 4/24.

Finansutvalet si budsjettinnstilling skal leggjast fram for hovudutvala til uttale i november før handsaming i fylkesutvalet 26. november.

Arbeidsdokument 4/24 – Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028 finn ein på denne lenka i publiseringsverktøyet Framsikt:

[Budsjett 2025 - økonomiplan 2025-2028 - PDF](#)

Det er utarbeidd ein PDF-versjon som eit supplement til den gjeldande versjonen i Framsikt. I denne versjonen får ein ikkje fram omtale av dei einskilde investeringsprosjekta. Desse omtalane finn ein berre ved å klikke i Framsikt på prosjekta i investeringstabellen.

Spørsmål- og svarfunksjonen vert løpande oppdatert og er å finne på lenka til arbeidsdokumentet.